



**Torsdag frå klokka 18 er det igjen klart for strikkekafe i Gamleskulen, melder Jane Haaranes i Uskedal Utvikling.**

**Den første strikkekafeen vart svært vellukka med over 30 til stades og frista til ei ny samkome (biletet).**

- Mange har lurt på kva tid ein igjen skulle få høvet til å samlast over handarbeidet og torsdag er ein velkommen til å ta med både sytøy, hekletøy eller spøt og koma i Gamleskulen, seier Jane.

Anne Marie Hamre frå Husflidslaget kjem og skal demonstrera pjonging, ein gamal hekleteknikk som eignar seg godt til slikt som huer og vottar.

Damene i Ti-aren stillar med noko å setja tennene i.

Om ein vil læra seg pjonging eller berre ha ei triveleg og sosial stund med samarbeidet er ein hjarteleg velkommen.

Dette er siste strikkekafeen før sommaren og Jane håpar at mange både frå Uskedalen og elles i kommunen vil stikka innom.

(Foto: Ola Matti Mathisen)